



Vedtekter for den kommunale kontantstønsordninga i Giske kommune

Kommunal kontantstønsordning for Giske kommune frå 01.08.2013 for born som ikkje nyttar plass i norsk barnehage som er godkjend etter §§ 14 og 15 i lov om barnehagar av 17.06.2005. Sist revidert i Giske kommunestyre mai 2020.

§ 1. Kven som er omfatta av ordninga

Den kommunale kontantstønsordninga skal gjelde for born som er folkeregistrert i Giske kommune i perioden det blir søkt kontantstønsaden for. Den av dei føresette som skal motta kontantstønsad må også vere folkeregistrert i Giske kommune i perioden. Det blir ikkje gitt kontantstønsad for born frå andre kommunar som er i fosterheim eller beredskapsheim, jf. lov om barnevernsteneste. Foreldre med adoptivborn kan ikkje motta kommunal kontantstønsad på same tid som dei mottek kontantstønsad eller foreldrepenngar/eingongsstønsad frå NAV.

Perioden for kontantstønsad må vere seks månadar eller meir. Dersom perioden for kommunal kontantstønsad blir avbroten før det har gått seks månadar, må utbetalt stønsad betalast tilbake. Kommunen sender refusjonskrav vedlagt faktura.

For å motta kommunal kontantstønsad kan borna ikkje vere registrert med barnehageplass med teljedato i barnehagane, dvs 15.08. og 15.12.

Endringane i § 1 gjeld frå 01.08.2020.

§ 2. Alder på born som kan motta kontantstønsad og bruk av barnehageplass

Kontantstønsaden gjeld for born i alderen frå og med månaden barnet fyller 25 månadar, og til og med den månaden det fyller 34 månadar og som ikkje nyttar plass i norsk barnehage som er godkjend etter §§ 10 og 11 i lov om barnehagar av 17.06.2005.

Ved bruk av barnehageplass blir kontantstønsaden stoppa frå den månaden barnet får tildelt plass, og dei føresette har takka ja til plassen. Ved oppseiing av plass i barnehage blir kontantstønsaden utbetalt frå månaden etter sluttdato for barnet, jf oppseiingsfristar i dei einskilde barnehagane i kommunen.

§ 3. Sum

Sum per måned frå 01.01.2020: kr 4 000,- per barn. Det blir utbetalt kontantstønsad for berre heile månadar.

§ 4. Søknadstidspunkt og søknadsfrist

Det er ikkje særskilde søknadsdatoar, men kommunal kontantstønsad blir ytt frå månaden etter at søknaden er motteken. Det blir ikkje ytt stønsad med tilbakeverkane kraft.

§ 5. Meldeplikt

Den som mottar kontantstønsad har plikt til å melde frå til kommunen dersom dei flyttar frå kommunen, eller tek i mot plass barnehage i Noreg som er godkjend etter §§ 10 og 11 i lov om barnehagar av 17.06.2005.

§ 5. Annonsering

Den kommunale kontantstønsadsordninga skal årleg annonsert saman med annonsering for hovudopptaket for plass i barnehage. Informasjon om ordninga skal ligge på heimesidene til Giske kommune.

§ 6. Saksbehandling

Saksbehandlinga blir lagt til servicekontoret. Kommunedirektøren gjer vedtak Reglane i forvaltningslova av 10.02.1967 gjeld. Klageinstans er klagenemnda i kommunen. Dersom søknaden er mangelfull blir søknaden returnert til søkjar.

§ 7. Utbetaling

Utbetaling av stønsad skjer den 30. i månaden stønsaden gjeld for. Stønsaden blir utbetalt til den av foreldra som søkjer, og til kontonummer som er oppgitt i søknaden. Ved usemje mellom foreldra blir stønsaden utbetalt til den av foreldra barnet har registrert adresse hjå i Folkeregistrert.